

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre





Billete: Linda Krossøy

Koret i Røn kyrkje

Me er Guds hus og kyrkje her,
bygde av levande steinar,
som under kross med ærleg gjerd
trua og dåpen sameinar.
Var me 'kje meir enn to på jord,
ville han bu med livsens ord
hjá oss med heile sin nåde.

NFS Grundtvig/Anders Hovden



Det nye livet – den dyrebare gåva

Når dagane i desember er på sitt mørkaste, kjem jula med lys og håp. I krubba ligg eit nyfødd barn – eit liv som tek til, men også ei gåve som blir gitt. Ikkje berre til Maria og Josef, men til heile verda. I det vesle Jesusbarnet møter vi ein Gud som vågar å vere liten, som vågar å vere nær. Han kom til oss som eit nyfødd barn, det skjøraste og mest verdifulle vi har, heilt avhengig av menneska rundt seg. Barnet i krubba minner oss om kor sårbare og avhengige vi er.

Det var Maria som bar han fram, fødde han i ein stall og gav han varme og nærleik. I Maria sin omsorg for barnet kjenner vi att kjærleiken frå Gud. Og i Jesu tillitsfulle blikk anar vi julemysteriet: At Gud overgir seg til mennesket. Gud gjer seg til eitt med alle i verda som er forsvarslause, makteslause og svake. Slik oppmodar han oss til å kjenne att Gud i alle menneske – også i oss sjølve. I barnet blir avstanden mellom oss viska ut.

Juleevangeliet lèt oss ane det mysteriet det er, at livet har eit feste som er så uendeleg mykje større enn våre eigne krefter. Verda og livet kviler i ein kjærleik som skaper lys der mørker rår, rettferd der urett er gjort, tru der fortvilninga har fått feste. Julebodskapen er så storslått, og samstundes så nær. Det er eit under og ei gåve. Det er Ordet som blir menneske, og som tek bustad mellom oss. Det er Guds son, lagt i våre hender.

Du ser på meg blidt og stille –
da undres jeg over at ord
som *Angsten* og *Hatet* og *Hevnen*
er kjent av noen på jord.

Så lenge et hjerte skapes
hellig og reint som ditt,
skal mennesket tro og håpe
trass alle tap det har lidt.



*Madonna og barnet heng i Vallset kirke som er 175 år i år.
Foto: Steffen Laursen*

Jeg løfter deg, barn, som en visshet
mot skjæret av Ragnarok-rødt:
I lyset av regnbuens løfte
blir barnet – vår frelser – født.

Hans Børli «Barnet»

Velsigna julehøgtid!

Biskop, Ole Kristian Bonden

Adventstanker

Advent er en tid full av følelser og forventninger, og egentlig ganske stramme rammer og oppskrifter over hvordan ting skal, bør eller må være. Kravlisten over en såkalt perfekt advent, er ganske lang.

- Du skal pynte
- Du skal shoppe julegaver (helst penere og dyrere enn i fjor)
- Du skal bake og drikke gløgg – og husk å følge oppskriften på mors julekaker nøye!
- Du skal på julebord og på juletilstillinger
- Og så tror jeg også jeg må føre på: Du skal dekorere ditt hus med julelys
- Og ikke minst: du skal kose deg og glede deg!

Her er det ikke mye rom for å sjonglere med ingrediensene – det er jo slik det skal være for en lykkelig tid. Er det ikke?

Men hvem er det da egentlig vi venter på? Hvem er det som skal komme?

En ting er i alle fall sikkert: Jesus hadde ikke for vane å følge alle må-er og skal-er for hvordan man skal oppføre seg og hvilke rammer man skal holde seg innenfor. Jesus laget uorden i oppskriften som var laget.

Vi venter altså på en opprører som ble født i denne fjellgrotten for 2000 år siden.

Det er egentlig litt godt å tenke på, kjenner jeg. Det er helt greit å ha en adventstid og en jul selv om jeg ikke følger alle må – er og skal – er i oppskriften på en perfekt jul.

Advent og jul har nemlig plass for å romme hver enkelt av oss, med alt vi har av ulike forventninger og følelser for jula, enten vi elsker julekuler og julelys – eller om vi syns at denne tiden er krevende og vond. Det er plass til alt det i jula også.

Så ønsker og håper jeg at vi alle kan ha plass for øyeblikkene og for hverandre både nå i dagene før jul og i selve julehelgen. Det er nemlig en som gikk utenfor oppskriftene som vi venter på, og med et budskap om fred, likhet, rettferdighet og håp – som i aller høyeste grad er aktuelt også i dag.

*Jeg ønsker dere alle
gode adventsdager og
en velsignet julehelg,
med meningsfulle øyeblikk.*

Janne Sukka



Det norske flagget som juletrepynt. Eit utslag av i si tid naudsynt patriotisme?



«Med julelys og med norske flagg» stå det i julesangen «Du grøne glitrande tregod dag!» av Johan Krohn. Då veit vi kva vi skal pynte med, og vi er vane med at det skal vera slik. Dessutan er det norske flagget vakkert mot det grøne baret i juletreet, så slik høyrer det godt heime der.

Juletreet kjem eigentleg frå Sør-Tyskland og Sveits på 1500-talet, der handverkarlauget sette opp tre både inni og utanfor verkstadene sine. Etter kvart vart det pynta med kaker, turka frukt, eple og nøtter for å markere jula, og som barna fekk hauste trettande dag jul. Denne tradisjonen kom til Noreg gjennom Danmark. Der kom pyntinga med flagg inn. Det fyrste

norske juletreet vart pynta i Kristiania i 1820-åra, men skikken vart vanleg rundt om i heimane på midten av århundret. Dei som budde trongt hadde små juletre som dei sette på bordet, eller dei pynta eit kosteskaft med påsette greiner.

Ut frå det vi får høyre frå museumshald, er flagglenkene ei av dei fyrste formene for juletrepynt frå omlag 1880. Det er og eit faktum at vi pynta treet med reine norske flagg rundt år 1900, til tross for at Noreg var i union med Sverige på den tida.

Under krigen, 1940–1945, var juletrepynting noko heilt spesielt. Aldri har det vel vore så mange norske som pryda juletra som akkurat då. På nokon av flagglenkene vart det klistra på bilete av både kronprins Harald, prinsesse Ragnhild og prinsesse Astrid. Var det noko som kunne minne om eit kongesymbol denne tida – ja, så skulle det fram!

I denne perioden var det og ein vokstergrunn for motstandsaktive kunsnarar som produserte julekort på



rekke og rad. Der uttrykte dei sitt syn på situasjonen og overmakta på ein humoristisk måte, som ein god nordmann kunne kjenne seg att i. Her er nokre døme på korleis dei fekk sagt kva dei meinte utan å bruke reine ord. Eit godt hjelpemiddel var nisselua. Den var eit anerkjent og provoserande nasjonal nasjonalsymbol, som saman med det norske flagget hadde ei avslæggende kraft.



Han som teikna det norske flagget i 1821 var Fredrik Meite, ein norsk forretningsmann og politiker – (eller var det sonen hans som kom på å måle ei smal blå stripe i det kvite feltet på Dannebrog?) – meir skulle det ikkje til før det heile skifta karakter og vart godkjent som norsk flagg. (Lettvint historieforteljing, dette!)

Men norsk flagg vart det, og vi ser ut til å trivast med det.

Tekst: Sigrun Sørensen

Ett er nødvendig

Ett er nødvendig – her
i denne vår vanskelige verden
av husville og heimløse:

Å ta bolig i seg selv

Gå inn i mørket
og pusse sotet av lampen.

Slik at mennesker på veiene
kan skimte lys
i dine bebodde øyne.

Hans Børli



Gamalt julekort.

Bispevisitas

tysdag 21. – torsdag 23. oktober 2025

Biskop Ole Kristian Bonden og kyrkjefagsjef i Hamar bispedømme, Kenneth Hansen, kom til Vestre Slidre måndagskvelden og tok inn på ei hytte på Vasestølen. Tysdag var det kome eit lag med nysnø, så det vart nesten aketur ned Brekkudn.

Røn kyrkje var innbydande og varm, og me fekk ei roleg og fin stund med morgonbøn. Inger Johanne spelte tverrfløyte inn i hjarto våre, så gjekk me til kyrkjestogo til møte med soknerådsmedlemar frå alle tre sokna. Biskopen utfordra oss: Kan det gå an å ha opne kyrkjer i bygda vår? Det treng me kanskje noko tid til å tenkje over...

Røn sokneråd hadde kokt og baka, så det vart mat på bordet etter kvart.

Biskopen med fylgje reiste så til gardsbesøk hjå Trine og Tom Vistemyren på Nedre Semeleng, så fylgde dei mjølka til Valdremeieriet. Bonden er glad i ost (sic!), og med premieost som smaksprøve, vart det nesten for mykje av det gode. Takk til Turid og Jørn Wangensten. Etter middag på Furulund, var det folkemusikk-konsert i Øyjar.



Intens lytting.



Inger Johanne spelar oss gode ...



Ostebordet.



Bonden og bøndene. På fjøskontoret til Trine og Tom Vistemyren på Nedre Semeleng.

Onsdag begynte med morgonandakt i Slidredomen, så var det tid for besøk på skulen. Biskop Bonden treivst godt saman med fyrsteklassingane, og fekk mange spørsmål! Biskopen hadde med klesskift, elevane fekk sjå både bispekåpe og alba. Imponerende innsats!

Biskopen og fylgjet hans hadde møte med administrasjonen i kommunen, fekk servert lunsj der, var innom på karprat i kulturkafeen og held andakt på helsetunet.

Kriminalomsorgen Innlandet, avdeling lavere sikkerhet, Valdres, Slidreøya altså (!), var neste stoppestad, her vart det også servert middag. Klokka 18.00 var det konsert i Slidredomen.



Magnar Rogne og Caroline Synvis i samspel i Slidredomen.



I prestekjole (alba) og stola.



I bispekåpe.



På besøk i fyrsteklasse på Vestre Slidre skule. God kontakt!

Konserten i Øyjar

Biskopen med følge fekk ei nær og fin stund i møte med unge folkemusikarar (+ ei litt eldre) i Øyjar måndagskvelden i visitasveka. Kapellet var bortimot fullt, og under kyndig leiing av Johanna, hørde vi systrene Maud og Solveig Erlandsen på hardingfele og munnharpe, og sidan kom dei tre unge karane på toradar: Syver Melby Strand, Martin Marshtaler Fystro og Kim Tvenge. Moro at folke-musikken har fått godt fotefeste i kulturskulen! Takk til dyktige unge utøvarar og til Johanna som og bidrog med var song og langeleikspel. Biskopen avrunda det heile med å lyse velsigninga og ynskje folket vel heim.

Marit Strømmen

Bilete: Janne Sukka. Tekst: Johanna Fuglestad



I Øyar.



Syver, Martin og Kim varta opp med flott spel!

Rakfisklunsjen på Johmsborg

Torsdagen i visitasveka var det Lomen som stod for tur, og etter ein relativt kjøleg start på dagen i Lomen Stavkyrkje, fekk biskopen eit sterkt møte med Einar Lome inne i Lomen kyrkje, der han fortalde om det å miste ein bror i sjølv mord. Etter besøk på Trøsvik og innsyn i rakfiskproduksjonen, var det naturleg at dagens lunsj vart servert på Johmsborg grendahus, og sjølv sagt med rakfisk på menyen. Ekstra gjest her var Jan Tore Vik, som engasjert fortalde om både grendahuset sin plass i Johmsgrenda, og særskilt om saga, som dei har

skapt nytt liv rundt, og som fyller ein funksjon som ein viktig møteplass- spesielt for karane i lokalmiljøet. Når saga går, stanar folk og slær av ein prat, og då er det lettare å prate om både gleder og sorger, og det vart nemnt at «når det lufta nyskøre timber, var det lettare å opne seg...» – Og dette siste la nok biskopen seg ekstra godt på minnet, og tok det opp att i avslutningstala til kyrkjelydane i Vestre Slidre.

Marit Strømmen



Lunsj på Johmsborg.



Lufta tå nyskøre timber ... Jan Tore Vik fortel om Viksaga.
Bilete: Linda Krossøy.

Tankar omkring bispevisitasen

Me som sette saman programmet for biskopen, ser no i ettertid at det vart mykje bra! Men, me vil gjerne presisere at det skulle vore like mykje fokus på møteplassar for eldre og kvinner, td Plassen og Haugohuset. De er ikkje gløymde, og me veit at desse møteplassane betyr mykje for mange. Dessutan: Hadde det vore muleg for fleire å møte biskopen? Kva plass har kyrkja i liva til folk?

«Meir himmel på jord» er visjonen til kyrkja, korleis gjer ein det i praksis?
Hm...

Johanna F

Mekkeklubben

Torsdag kveld var det ope på mekkeklubben i Lomen, og biskopen fekk innføring i korleis ein skiftar bremseskiver på ei Mercedes stasjonsvogn!



Frå venstre: Emil Hovi, biskopen, Martin Svanheld, Steffen Håkerud, Bøye Leirhol. Bilete: Torbjørn Moen.

Med det blir vegen bygd

All aning av draum
skal glide bort og gløymast,
men ikkje før steinane
snur seg i urene.

Eit hjarta utan kjærleik
skal finnast eingong,
men ikkje før elvane
renn oppover.

Ei hand som ikkje har bruk
for andre hender
er lite likeleg,
og vi får aldri sjå det.

*Tarjei Vesaas,
Lykka for ferdesmenn, 1949.*

Gullkonfirmantar

Den 24. august gjekk den årlege messa i Slidredomen med feiring av gullkonfirmantane av stabelen, og rundt 20 av dei møttest til messe og påfølgjande festmiddag på grendakafeen v/sokneråda. Kvelden før hadde dei og hatt ein triveleg samankomst, og stemninga ver lett og humørfylt denne sundagen. Sola skein, slik ho også visstnok gjorde for 50 år sidan, og prest Janne tok godt i mot dei, med glimt i auga kalla ho dei fram i kyrkja ein og ein. Ho lurte på om dei var klare for ny overhøyring, men det vart med tanken.. Ei fin gest var det også å tende lys for dei tre som var gått bort i dette årskullet.

Tekst og bilete: Marit Strømmen



1. rekkje frå venstre: Elisabeth Nilsen Thoresen, Toril Tvenge Dalen., Berit Rogn, Dagrun Hålien, Sokneprest Janne Sukka, Liv Mari Sveine Skrindsrud, Karin Trøen, Mari Røn, Jon Bertil Løvbrand, Åge Tuvmarken

2. rekkje: Berit Ildjarnstad, Inger Nancy Kvåle Ellefsen, Marit Lome, Grethe Enger Stee, Inger Helene Gustavsens Tvenge,

3. rekkje: Ove Magne Bråten, Bjørn Ingvar Bjørshol, Einar Tvenge, Torleif Husaker, Bjørn Tvenge, Ivar Haugrud, Erland Kvissel, Ola Hovengen, Ragnhild Rogn Aune, Kjell Hodne

Livat i Lomen kyrkje

Hausttakkefesten 28. september var i Lomen kyrkje, og seks fireåringar fekk fireårsbok. Lomen sokneråd hadde pynta fint i kyrkja. Terje Eklund og Magnhild Skjel stod for preike og lesing, ei fin stund!



*Godt det finst tidtrøyte for små fingrar i kyrkja.
Odin Gustavsen Ruud og Magnus Bråten.*



Årets avling framfor døypefronten.



*Barn med fireårsbok: Eline Bråten, Ådne Hegge Johnsen, Saga Frengen Storhaug, Hugo M Haugrud,
Nora Haugrud Kampesveen, Malin Fjelltnun Kvame.*

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Linda Krossøy

Støtteerklæring til ansatte med LHBT+ identitet, og invitasjon til møte

For et par uker siden tok Stiftelsen MorFarBarn initiativ til en "[Ekteskaps­erklæring](#)" som tar et standpunkt mot likekjønnet ekteskap og kjønns­mangfold. Flere norske kirkesamfunn og kristne organisasjoner har skrevet under erklæringen.

Den norske kirke anerkjenner mangfoldet, og kommer ikke til å skrive under denne erklæringen. Vi ble kjent med erklæringen mot slutten av høstens Bispemøte, og jeg deler Preses Olav Fykse Tveits synspunkt at det er sårende og for noen traumatiserende at kirkeledere støtter erklæringen, spesielt for de det rammer hardest, mennesker med LHBT+ identitet.

Jeg ønsker å understreke at våre ansatte med LHBT+ identitet har min støtte, og vil invitere til et møte for å høre hvordan det er å jobbe i Den norske kirke akkurat nå. Hamar biskop har i perioden 2017-2022 invitert til regelmessige møter for ansatte med LHBT+ identitet, og i 2023 ble det arrangert «Dag for mangfold» fra både ansatte i bispedømmet og fellesrådene. Vi ønsker nå å gjennomføre et tilsvarende møte, for å dele erfaringer og refleksjoner.

Jeg ber proster og kirkeverger å gjøre denne invitasjonen kjent for alle kirkelige ansatte, og inviterer ansatte med LHBT+ identitet om å delta.

Velkommen til bispegården **mandag, 20. januar kl 12 – 14**. Påmelding sendes til April Holten [HER](#) innen 10. januar. Om du ikke har anledning til å møte, men vil allikevel komme med et innspill kan det sendes til hamar.biskop@kirken.no, eller til April Holten på ah397@kirken.no.

Med vennlig hilsen

Ole Kristian Bonden
biskop

April Holten
rådgiver diakoni og samfunn

Utfordringar til kyrkja i Vestre Slidre

Her tek me med dei utfordringane biskopen gav oss:

- 1) Gjer ein gjennomgang av gudstenestelivet sitt årshjul. Sjå til kva berøringspunkt som finst mellom kyrkje og folk, og kva samarbeidsmoglegheiter som finst med lag og foreiningar, organisasjonar og andre. Dette vil særleg kunne gjelde innan arbeid med barn og unge, diakoni, kyrkjemusikk og kultur.
- 2) Jobb vidare diakonalt med utfordringar knytt til psykisk uhelse, utanforskap og einsamheit. I dette arbeidet er det naturleg å sjå til fleire samarbeidspartnarar, slik som kommune og lag og foreiningar.
- 3) Saman med kommune, skule og barnehage – sjå på kva fagleg innsteg ein har for samarbeid, og kva arbeidsmetodar det er mogleg å bruke. Formaliser samarbeidet i ein eigen avtale. Eit allereie godt forhold dannar eit godt grunnlag for framtida.
- 4) Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd, saman med Vestre Slidre kommune, finn gode møtepunkt i kommunen sine budsjett-prosessar. Det bør vere eitt møte om våren og eitt om hausten.

5) Sjå på moglegheitsrommet for å ha – eller vidareutvikle – opne kyrkjer i Vestre Slidre.

6) Ta i bruk verktøyet og den strategiske metoden i «Kyrkja vår – samla plan for sokna» i alle sokneråd og stab.

7) Vurder kva digitale administrative system som skal innførast i lys av Den norske kyrkja sitt arbeid med fellesløysingar. Dette inneber òg å leggje til rette for opplæring av sentrale personar.

Eg vil avslutte med å takke. Takk til alle som har planlagt visitas-programmet. Takk for alle innsendte rapportar. Takk for gudstenester, samtalar, handtrykk og møte. Takk for alle forteljingane som har blitt delte med meg. Det har gjort stort inntrykk.

Eg ønskjer all lukke til med det vidare arbeidet i sokna i Vestre Slidre.

Må Gud velsigne Røn, Slidre og Lomen sokn!
Må Gud velsigne Vestre Slidre kommune!

Ole Kristian Bonden

Visitagudsteneste 26. oktober

Biskopen kom til Slidredomen og held messe saman med oss. Vesle Tine vart døypt, Inger Johanne spelte fløyte, biskopen messa flott!

I preika si snakka han sjølvsagt om det han hadde vore med på under visitasen, og møteplassane me har i bygda vår. Jesus brukte ofte forteljingar folk kunne kjenne seg att i, det gjev oss meining i dag og.

Etter messa var det kyrkjekaffe i kulturkafeen, biskopen held visitasforedraget sitt.

Det var blomar og gåver til biskopen, og eit varmt farvel frå oss alle.


Biskopen hadde eit tett program, han var interessert, blid og opplagt kvar dag, ein likande kar som gav oss både inspirasjon og gode idear.



Edith Helle takkar biskopen med blomar og gåve.



Klar for dåp.



Ein strålande opplagt biskop. Foto Lars Martin Bøe.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

September – november 2025

Jordfesta	Lomen sokn:	24.10	Andris Haugen	f. 1933
		31.10	Margith Hovengen	f. 1928
	Røn sokn:	17.10	Inga Engen	f. 1937
		19.09	Marit Viste	f. 1932
	Slidre sokn:	19.09	Ylva Husby Steine	f. 2000
		09.10	Kåre Hegge	f. 1937
		13.11	Per Egil Henriksen	f. 1948
Døypte	Røn sokn:	07.09	Gustav Røn	
	Slidre sokn:	14.09	Lauge Larsen Lasskogen	
		14.09	Emrik Johnsen Trøen	
		05.10	Freya Dokken Rye	
		05.10	Nora Myrheim	
		05.10	Mina Myrheim	
		26.10	Tine Bjørge Hambro	
		14.12	Emil Kolstad Wikerholmen	

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.
Leigesum er kr 1250,-
Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.
Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.
Leigesum er kr 1000,-
Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,
Edith Helle, tlf 99037532

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Tid	Dag	Stad
DESEMBER			
24.12.25	12.00	Julaftan	Slidreøya
24.12.25	14.00	Julaftan	Lomen
24.12.25	15.00	Julaftan	Slidredomen
24.12.25	16.00	Julaftan	Røn
25.12.25	11.00	1. juledag	Slidredomen
28.12.25	11.00	4. juledag	Helsetunet
JANUAR			
04.01.26	12.00	Kristi openberringsdag	Øyjar
18.01.26	11.00	3. s i openberringstida	Slidredomen
25.01.26	11.00	4. s i openberringstida	Lomen
FEBRUAR			
08.02.26	11.00	Kristi forklåringsdag	Røn
15.02.26	11.00	Fastelavnssundag	Slidredomen
MARS			
01.03.26	11.00	2. s. i fastetida	Slidredomen
08.03.26	11.00	3. s i fastetida	Lomen
22.03.26	11.00	Maria bodskapsdag	Røn
29.03.26	11.00	Palmesundag	Slidredomen

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.



Blide konfirmantar på lysmesse i Røn fyrste sundag i advent.



Velkommen inn! Bilete: Marianne Tuvmarken.

Støtte til kyrkjebladet: Kontonr.: 21530709296, vipps 620343. Merk med «kyrkjeblad». Takk!

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrjekontoret har ope for besøk måndag – torsdag kl. 09.00 – 15.00

Det kan vere stengt pga møter, kurs og befarng – kontakt oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	E-post
Janne Sukka	45861038	Sokneprest	js593@kyrkja.no
Inger Johanne Østby	97156098	Kyrkjevevje	io266@kyrkja.no
Ove Nygard Nybakk	95074518	Organist	on423@kyrkja.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar og reinhaldar i alle tre sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar, Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Anne Berit Strømmen Strand	97597150	Kom. valt repr. i kyrkjeleg fellestråd	
Geir Kongslie		Permisjon	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



*Me ynskjer alle ei god og fredelig julehøgtid
og eit godt nytt år!*

*Helsing frå oss i redaksjonen
Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Johanna Fuglesteg,
Linda Krossøy og Marit Strømmen*

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com



		Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service
 Vestre Slidre kommune Heilt naturleg – ekte vare		Tenk sikkerhet, bruk fagfolk  Vestre Slidre EI-installasjon A/S Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
		
 post@brennabu.no Tlf. 61 36 31 02 www.brennabu.no		 TAKSTKONTORET valdres Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
		
 Helle Kjøtt		 Wangensten AS Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.